



Rolf S. Torvastad i firma Sport Surface gjer ein grundig jobb med å lufta kunstgrasmatta og få bort alt rusk.

**Det er gjennomført tilsyn og ein grundig sjekk på Kunstgrasbanen i Uskedalen. Arbeidet er ein del av ein serviceavtale Uskedal Idrettslag har med leverandøren Sport Surface frå Torvastad på Karmøy. Med tilpassa utstyr vert gummien på banen lufta og reinsa for kvist og rusk som kjem inn på banen. Arbeidet vert gjort ein gong i året.**

Leif Torvastad driv firma Sport Surface. Med seg har han bror sin, Rolf S. Torvastad, som vedlikehaldssjef og to andre tilsette i firma. Sport Surface har levert dekke til Ølve, Rosendal og Uskedalen i Kvinnherad. Bruken gjennom vinteren gjer at matta vert komprimert og må luftast. Mykje av dette vert gjort lokalt med rutinemessig tilsyn gjennom heile året, men ein gong i året må ein gå meir grundig til verks.

Uskedalen.no snakka med Rolf Torvastad på banen. Han har eit langt betre utstyr og går djupare ned i gummien. Til slutt vert matta blåsen rein for smuss. Det vert gjort med ei vifte der han startar midt på banen og bles alt ut mot kantane. Torvastad seier at banen i Uskedalen ser bra ut og at Idrettslaget gjer ein god jobb med tilsyn og vedlikehald.

På spørsmål om det miljømessige med knuste gummikuler frå bildekk, fortel Torvastad at tiltak kjem innan nokre år. Alle nye banar frå 2019 vil få kant rundt som skal samla opp gummien. Dessutan vert det montert sil i alle kummar for å hindra avrenning til sjø, vatn og naturen rundt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal